

KM Terrengløp - 2. runde i Nordfjordkarusellen

Fjellhug/Vereide inviterer til KM i terrengløp på Sandane. Dette er også samstundes 2. runde i Nordfjordkarusellen.

Løypa går i den velkjende trasèen i Åsen (barkeløypa), ei lettкупert løype, der ein runde er 1800 m. Det er ulike distansar alt etter klasse.

Dato og tidspunkt: Søndag 10. april. Hovudstart er kl 15.00. Det vert start for eit miniløp for born kl 14.30.

Klassar og distansar:

- ❖ G/J 13 og 14 år: 600 m
- ❖ G/J 15 og 16 år: 1200 m
- ❖ G/J 17 og 18 år, menn junior, og kvinner jr/sen/vet: 1800 m
- ❖ Menn sen/vet: 3600 m

Påmelding: Helst på førehand, innan fredag, på epost til dagfinn.nyhammer@eninvest.net. Også påmelding fram til 1 time før start, mot ei tilleggsavgift.

Startpengar:

- ✓ 13-14 år: kr. 50,- (ikkje eingangslisens i desse kklassane)
- ✓ 15 år og eldre: kr. 100,- ved førehandspåmelding. (Ved påmelding same dag: kr. 30,- i tillegg. Eingongslisens kr. 20,- for dei som ikkje har heilårslisens)

Garderobar: Det er diverre ikkje garderobar ved løypa. Næraste er i Trivselshallen (Firdahallen), der ein får nytte garderobar og toalett. Evt. også i garderobane ved Kunstgrasbana.

KM-medaljer til dei tre beste i kvar klasse, uttrekking av gåvekort i Nordfjordkarusellen.

Miniløp

Vi arrangerer også eit mini-terrengløp for born 12 år og yngre. Korte distansar for dei aller yngste, og ca 400 m for 8-12 år. Dette startar kl 14.30, og påmeldingane må vere gjort før kl 14.00.

Startpengar: kr. 30,-